

Fixer

av Lydia Adetunji (Storbritannia/Nigeria)

Omsetjing: Rønnaug Kleiva

Regi: Øystein Ulsberg Brager & Philip Thorne

Medverkande: Banthata S. Mokoatsane, Kingsford Staylor, Torgny G. Aanderaa, Jon Eivind Gullord,

David Allen & Kristine Rui Slettebakken

Regiassistent: Espen Hjort

Dramaturg: Otto Homlung

Forlag: Nordiska

Takk til: Norsk Skuespillersenter, Siri Nicole Ingemann, venner og familie

Delar av teksten er stroken. Om du er interessert i å lese teksten i heilskap kan du kontakte OIT på oslointernasjonaleteater@gmail.com

Nokre ord frå regisorane

Nokre omgjevnader kjenner vi godt frå teatret: Borgarklassens spisesstuer, arbeidarklassens kjøkken, teatret sjølv med sine raude fløyelsgardin og skeive golv. Andre omgjevnader besøker teatret sjeldnare: Hotell-lobbyar i Nigeria, sitne skur med samanraska respatebord brukt som serveringsstad, ein forlaten landsby i den afrikanske villmarka. Vi er glade i dramatik som tar oss med på ekstreme reiser til land langt unna, stader vi aldri har vore før, verkelegheiter vi ikkje kjenner. Det treng ikkje vere filmen sitt privilegium å kunne invitere publikum med til fjerne strok og ukjende situasjonar. Teatret med sin magi, med si evne til å appellere til fantasien til publikum, kan reise like langt og lenger. I dag inviterer vi deg med på ei reise til vestkysten av Afrika for å møte fattig lokalbefolkning, vestlege journalistar og brutale geriljakrigarar. Spenn setebeltet, Nigeria er neste stopp. *Kai!*

- Philip Thorne og Øystein U. Brager

Om stykket

I eit lite land i Nord-Afrika svermar journalistar, menneskerettsforkjemparar og forretningsfolk rundt fiksaren Chuks. Kvifor? Fordi alle trur han kan setje dei i kontakt med dei maskerte, tungt væpna mennene som har sett fyr på oljeleidingen som vert bygd gjennom landet. Oljeselskapet er svært interessert i få formidla sitt syn på saka. At nærveret deira er til det beste for det fattige landet. Andre meiner dei ranar landet for naturressursar i beste kolonitradisjon. Chuks fiksar ting - han har kontaktar, han veit kva journalistar er ute etter, og han veit å snakke for seg. Men kan han eigentleg setje nokon i kontakt med banden? Og kjem han til å selje tenestene sine til oljeselskapet, journalisten eller aktivisten?

Om dramatikaren

Med debuten *Fixer* har britisk-nigerianske Lydia Adetunji raskt blitt hylla som ein av dei mest lovande dramatikarane innan britisk politisk teater. Sidan debuten med *Fixer* på Oval House Theatre i 2011, har ho vore tilknytt både Royal Court Theatre, The National Theatre Studio og The Tricycle Theatre i London. Før ho skifta karriere og vart dramatikar, arbeidde Lydia Adetunji som journalist i fleire år, mellom anna som utanrikskorrespondent i Nigeria. Ho har med andre ord førstehands kjennskap til situasjonane og rollefigurane stykket skildrar.

Om Nigeria


Nigeria er eit folkerikt land på vestkysten av Afrika. Landet er ein republikk med 36 statar. Offisielt språk er engelsk, men også *igbo*, *hausa* og *yoruba* er nasjonale språk. I tillegg finst det også ei rekke

mindre utbreidde regionale språk. Elva Niger renn gjennom heile landet, og Niger-deltaet, eit stort område sør i landet, er eit svært oljerikt område. Oljerikdommen i Nigeria har vore ei kjelde til valdeleg konflikt i mange tiår. Ei rekke motstandsgrupper har opp gjennom åra kjempa mot dei internasjonale olje- og gasskompania, så vel som mot kvarandre og mot styresmaktene, i kampen om rikdommen.

Kjelder: Wikipedia, The United States Institute of Peace

Ordliste

Maitatsine religiøse opptøyar
Moi-moi dampkokt bønnepudding
Akara steikte bønnekaker
Kai! eit utrop
Sannu hallo
Joke na joke ein spøk er ein spøk, men...
Wahala trøbbel
Insha'allah om Gud vil
Wallahi eg sver
Trouble dey sleep, una go wake am? la sovande løver sove
Oyinbo ein vestleg
Oga sjef
Sai gobe til i morgon
Abeg ver så snill



Lydia Adetunji (foto: Knight Hall Agency)

Om OIT

Oslo Internasjonale Teater produserer jamleg dramatiserte lesingar av internasjonale samtidsdramatik som ikkje har vore omsett eller spelt i Noreg tidlegare. OIT er eit tilbod til dei som er interesserte i samtidsdramatik og ønskjer å oppdage nye dramatikarar og skodespel, anten det er teater, frie grupper eller teaterskappar på utikk etter stykke å setje opp, dramatikarar som ønskjer inspirasjon til sitt eige arbeid eller vanlege teaterpublikumarar som ønskjer å sjå nye verk. Vi har eit breitt, internasjonalt nettverk som vi brukar i arbeidet med å oppdage dramatiske verk. OIT vert drive av det internasjonale teaterkompaniet Imploding Fictions.

Stykke OIT har gjort så langt

White Rabbit, Red Rabbit av Nassim Soleimanpour (Iran) / *Motortown* av Simon Stephens (Storbritannia) / *Sannheten Skal Frem* av Jordan Seavey (USA) / *The Mercy Seat* av Neil LaBute (USA) / *Hodefotingen* av Esther Gerritsen (Nederland) / *Medealand* av Sara Stridsberg (Sverige) / *Nattblind* av Darja Stocker (Sveits) / *Forsefen* av Chay Yew (Singapore) / *De Onde* av Niklas Rådström (Sverige) / *Flap and fear* av Darren Leigo (Storbritannia) / *Her står tittelen til dramaet om Ante* av Ivor Martinic (Kroatia) / *Sort Dyrs Sorg* av Anja Hilling (Tyskland) / *The Fever* av Wallace Shawn (USA) / *Forsøk på livet* av Martin Crimp (Storbritannia) / *Sju jødiske barn* av Caryl Churchill (Storbritannia) / *Sju andre barn* av Richard Stirling (Storbritannia)


Er du interessert i å setje opp eit av stykka som OIT har presentert? Vi hjelper gjerne til med å formidle kontakt i samband med rettar for både originalverket og omsetjinga.

www.oslointernasjonaleteater.com

www.detnorsketeatret.no

det norske teatret

i samarbeid med



presenterer

Fixer

av Lydia Adetunji (Storbritannia/Nigeria)

Ei dramatisert lesing

Onsdag 23. mai kl. 19.00, torsdag 24. mai kl. 19.00
og fredag 25. mai kl. 19.00

Scene 3 på Det Norske Teatret

DRAMATISERTE LESINGAR VÅREN 2012

OIT & Det Norske Teatret presenterer:

THE DIAMOND STARS av Maya van den Heuvel-Arad (Israel)
15. - 16. mai kl. 19.00

FIXER av Lydia Adetunji (britisk-nigeriansk)
23. - 25. mai kl. 19.00

CLYBOURNE PARK av Bruce Norris (USA)
31. mai - 2. juni kl. 19.00

HAMLET ER DØD av Ewald Palmethofer (Østerrike)
6. - 13. juni kl. 19.00

FEM DAGAR I MARS av Toshiki Okada (Japan)
14. - 16. juni kl. 19.00

Billetter: www.detnorsketeatret.no / 22 42 43 44



OIT er drive av Imploding Fictions

www.oslointernasjonaleteater.com

det norske teatret



NORSK
KULTURRÅD



STIFTELSEN
FRØTT ORD